



I 2020 vart det laga ein vedlikehaldsplan for dei antikvariske husa på Valdres Folkemuseum. Denne blir no lagt til grunn for det antikvariske arbeidet. Planen følgjer NS 16096:2012 (bevaring av kulturminne) og gir innsikt i tilstandsgrad, forslag til tiltak og kostnader. I mangel av eigne handverkarar har ein leigd hjelp til vedlikehald og istandsetting. Bilete er frå Frigstad-plassen på Valdres Folkemuseum. I 2022 har Håvar Aabol og Bjørn Engen restaurert den øvre låven. Foto: Odd Arne Rudi.

Innhold

1. Innleiing
2. Rammer og styringsverktøy
3. Økonomi og administrasjon
4. Museumsfagleg arbeid og utvikling
5. Tiltaksplan 2023

Innleiing

Valdresmusea forvaltar fem moderne driftsbygningar, 107 historiske bygningar, 26 andre kulturminne, 700 papirarkiv, 30 000 gjenstandar, 16 000 arkivopptak med song og musikk, 100 000 historiske foto, 300 000 dokumentasjonsfoto og 100 000 draktregistreringar. Valdresmusea er ei moderne bedrift med 25 tilsette og ein årleg omsetning på over 20 mill. kroner. Dette forpliktar at ein driv god økonomistyring og legg planar og strategiar for museumsfagleg drift og utvikling.

Tiltaksplanen speglar det økonomiske handlingsrommet. Dette følgjer av dei økonomiske vilkåra gitt av Stortinget og dei andre offentlege bidragsytarane, i tillegg til dei inntektene som museet skapar sjølv. Det statlege tilskottet utgjer brorparten av det offentlege tilskottet og er i 2023 på 12,6 mill. kroner. Auka statleg støtte er knytt til satsingar innfor områda musikkinstrument, bunad og folkedrakt, og mangfald og inkludering.

Arbeidsplanen følgjer opp ambisjonane og målsettingane slik desse er uttrykt gjennom styret sin strategi. Arbeidsplanen følgjer òg opp dei måla som styresmaktene ber museumssektoren følgje særleg opp, og elles dei pliktene som følgjer av avtaleverk, tilskottsbrev og samarbeidsavtaler.

Totalbudsjettet er på 24 639 200 kroner og viser eit resultat på 168 000 kroner. KLP-prognosen er betydeleg høgare i år enn tidlegare, og for 2023 er denne sett til 2 mill. kroner. Ein føreslår ein inndecking av denne kostnaden med 600 000 kroner frå Valdresmusea sitt oppsparte premiefond. Straumkostnadane er fortsatt høge. I 2023 kjem desse på i underkant av 1,4 mill. kroner.

Med prosjektmidlar får museet realisert fleire gode tiltak. Prosjektmidlane bidreg òg til at ein sikrar botnlina i Valdresmusea sitt budsjett. Det er flott, men tankevekkande. Det betyr mellom anna at det ikkje ligg inndecking for dei faste kostnadane – som aukar – i dei faste offentlege tilskotta – som ikkje aukar. Eit mål for styret må derfor vere å jobbe for å auke dei kommunale tilskotta. Utan auke i slike tilskott, vil ein ikkje kunne ta på seg nye oppgåver.

Prosjektmidlar utgjer saman med billettinntekter, kursinntekter, leigeinntekter og sal av varer og tenester dei *eigenskapte* inntektene. Dei budsjetterte eigenskapte inntektene i 2023 er 8,3 mill kroner.

I 2021 kom det på plass ein ny avtale med kommunane. Styret må halde fram dialogen med eigarane om vegen vidare for den kommunale driftsstøtta, men òg om støtte til investeringar og andre tiltak.

I utkast til budsjett for Innlandet fylkeskommune for 2023 var det foreslått årleg reduksjon i tilskottet til musea fram mot 2026. Museumsforum Innlandet har arbeidd politisk for å endre dette forslaget, og i det vedtekne budsjettet er tilskottet til musea no på same nivå som i 2022.

Dei siste åra har regjeringa bede kulturlivet prioritere arbeidet med mangfald og inkludering. I samband med 50-års-markeringa for avskaffinga av homoparagrafen i 2022, bad styresmaktene om at det vart lagt ein innsats på tiltak som markerte den historiske hendinga – og tiltak som kunne bidra til å motverke utestenging og diskriminering. Saman med Nasjonalmuseet skipar Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Valdresmusea til utstillinga «Skakke folkedrakter» i 2023.

Innsatsar på dette området er i tillegg forskingsprogrammet «Museene i mangfoldige samfunn», der ein i 2023 bidreg med ein artikkel i ein antologi, og «Ung i debatten», eit demokratilæreprogram for elevar i den vidaregåande skulen. «Ung i debatten» er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB og går over to år. Med støtte frå Kulturdirektoratet vil ein i 2023 engasjere ein arkivmedarbeidar¹.

Styret vedtok i 2021 å løfte støling og hyttekultur som satsingsområde. I 2022 fekk Valdresmusea 2,6 mill. kroner frå Kulturdirektoratet til tiltak på dette området. «Eit skigardsdele», som er namnet på prosjektet, går over tre år og skal bidra til debatt og auka kunnskap om forvaltning av utmark. Prosjektet blir til i samarbeid med Randsfjordmuseet og Lillehammer Museum.

Prosjektmidlar er gjerne knytt til tiltak som fører til utvikling og fornying av museumssektoren, slik som «Eit skigardsdele». Men prosjektmidlar kan òg gå til tiltak som istandsetting og vedlikehald. Med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB får ein no oppgradert verkstadane og amfiet på Valdres Folkemuseum, og med støtte frå UNI Stiftelsen og Kulturdepartementet får ein gjennomført tiltak på Frigstadplassen og Stabell-bygningen. Alle dei fire tiltaka vil bli gjennomført i 2023. Vi har òg håp om prosjektmidlar til handverkskurs, Nordisk instrumentseminar – og ei rekke andre nye tiltak.

Valdresmusea har lenge hatt behov for dedikerte handverkarar. I 2023 blir det tilsett ein handverkar i 100 % stilling på museet på Fagernes, og ein handverkar i 40 % stilling på museet i Hedalen. Med særskilte prosjekttilskott vil ein òg halde fram med å kjøpe tenester på dette området.

Ein vil i 2023 prioritere tiltak på følgjande anlegg: stove på Frigstadplassen (VFM), Øydgardsselet (VFM), Handeloftet (VFM), Bergeloftet (VFM) og Stabellbygningen (BB). For Bautahaugen er det ikkje ført opp spesifikke tiltak utover skjøtsel og generelt vedlikehald. Ny medarbeidar kjem på plass i 2023 og ein vil drøfte prioriterte tiltak med vedkommande etter oppstart. For Bautahaugen er det gode tilstandsrapportar for alle dei 15 bygningane.

Ein har i lang tid kartlagt tilstanden for Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum. I 2022 gjorde styret vedtak om å søkje statlege investeringsmidlar for ENØK-tiltak på dette bygget, og 21. desember fekk museet 2,2 mill. kroner i støtte gjennom ordninga. Søknad er også sendt Innlandet fylkeskommune, og ein har god dialog med kommunane om ei medfinansiering. Ein vedlikehaldsplan for Velkomstbygget, Administrasjonsbygget og Folkemusikkhuset vart utarbeidd av Takst Innlandet i 2022.

Pandemien skapte store utfordringar for museumssektoren, men utanlandsmarknaden er no på veg tilbake. I 2022 var det soleis ei auke i salet av billetter på cirka 10 %. Ein budsjetterer med ein vekst også i 2023. Budsjetterte billettinntekter i 2023 er kr. 800 000.

Fagernes 23. januar 2023

Ole Aastad Bråten
Direktør

¹ [Forsøksordning for aspiranter med funksjonsnedsettelse](https://www.kulturradet.no/forsoksordning-for-aspiranter-med-funksjonsnedsettelse) - kulturradet.no

Rammer og styringsverktøy

Valdresmusea skal overhalde norske lover og internasjonale konvensjonar som staten har slutta seg til, til dømes UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Valdresmusea skal følgje ICOM sitt etiske reglement. Ein ny museumsdefinisjon vart vedteke av ICOM i 2022.

Tildelingsbrevet frå staten representerer det sterkaste offentlege styringssignalet og blir sendt kvart år etter at statsbudsjettet er vedteke i Stortinget. Tildelingsbrevet omtalar dei økonomiske rammene og krav til rapport og måloppnåing. Statstilskottet er i 2023 kr. 12 680 000. Av dette er kr. 4 780 000 øyremerkta drifta av NBF.

Ein strategi er styrets viktigaste styringsverktøy, og i 2022 fekk Valdresmusea på plass ein strategiplan for perioden 2022–2030. Strategien meistar ut forventningar til framtidig drift og utvikling, og den drøftar tilgangen til kompetanse og økonomiske ressursar. NBF utarbeider i 2023 sin eigen strategi.



Kulturdepartementet



Samarbeid og nettverk

Valdresmusea har avtale med Kulturdepartementet om drift av Norsk institutt for bunad og folkedrakt, og Valdres Natur- og Kulturpark om det regionale utviklingsarbeidet. Valdresmusea har òg avtale med Innlandet fylkeskommune om eit tilbod innfor bygningsvern og privatarkiv, og Vestre Slidre kommune om drift av Garbergfeltet.

Valdresmusea har avtale med Randsfjordmuseet om samarbeid på ei rekke område. Samarbeidet har stor verdi i seg sjølv, men er også eit svar og eit alternativ til dei stadige forventningane om ytterlegare konsolidering. Valdresmusea har godt samarbeid med dei andre musea i Innlandet.

Valdresmusea deltek i seks museumsnettverk og driv eitt av dei, Drakt- og tekstilnettverket. Dei andre nettverka er Fotonettverket, Musikknettverket, Kulturlandskapsnettverket, Mangfaldsnettverket og Nettverk for bygningsvern.

Stortingsmeldingar

Ei ny museumsmelding vart lansert i 2021. Denne seier at musea må prioritere forskning, og arbeidet med mangfald og inkludering. Den oppmodar òg til samarbeid med aktørar utanfor museumssektoren.

For Valdresmusea vil vere viktig å hegne om dei nasjonale oppgåvene. Det er dei som gir museet ein solskinnsplass i det nasjonale selskapet og som sikrar auka tilskott til drift og investering.

Økonomi og administrasjon

Omfattar økonomi, drift og personal

Valdresmusea skal vere ein dynamisk organisasjon med høg kompetanse og godt arbeidsmiljø. Det er eit mål at Valdresmusea skal vere den mest ettertrakta kulturarbeidsplassen i Valdres. Skal ein behalde posisjonen som det fremste museet i arbeidet med levande tradisjonskultur, må ein sikre seg dei beste folka. Administrasjonen skal i 2023 utarbeide ein plan for rekruttering og kompetanseheving.

Spissing av profil og konsolidering omkring dei nasjonale oppgåvene har vore viktig for omdømet til museet. Det har òg letta tilgangen til økonomiske ressursar – noko som har gjort arbeidet ved museet rikare og meir mangfaldig. Kravet til auka eigeninntening har òg ført til tettare samarbeid med privat sektor. Det er eit mål å auke omfanget av slike samarbeid. Tiltak finansierte med prosjektstøtte i 2023:

- Samfunnsrolleaktørprogrammet «Eit skigardsdele»
- Demokratilæreprosjektet «Ung i debatten»
- Rehabilitering av Velkomstbygget
- Rehabilitering av Frigstadplassen
- Rehabilitering av amfi og kursarena
- Kurs i eldre handverksteknikkar
- Dataspelet «Nåløyet – Universet» i samarbeid med Tidvis
- Nordisk instrumentseminar
- Grubleseminar
- Aspirantordning for kandidatar med funksjonsnedsetting

Det er den offentlege finansieringa som ber økonomien i museet. Av det samla offentlege tilskottet på 16 millionar kroner utgjer det kommunale tilskottet 6 %, det fylkeskommunale 15 %, og det statlege tilskottet 79 %. Det statlege tilskottet omfattar også det øyremerka tilskottet til NBF.

Sentrale oppgåver for administrasjonen i 2023 er:

- Følgje opp oppgåver på området HMS og personal
- Følgje opp leverandørar, samarbeidspartar, system og driftsavtaler
- Følgje opp rehabilitering av Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum
- Følgje opp rehabilitering av amfiet og verkstadane på Valdres Folkemuseum
- Følgje opp implementeringa av saksarkivsystemet Documaster
- Utarbeide ein langsiktig investeringsplan for Valdres Folkemuseum

Arbeidet med budsjett og økonomikontroll er forankra i leiargruppa med jamleg rapportering til styret, samt gjennomgang og kontroll av prosjekt, resultat og prognosar.

Museumsfagleg arbeid og utvikling

Omfattar forskning, formidling, forvaltning og fornying

Den museumsfaglege innsatsen følgjer dei fire f-ane; forskning, formidling, forvaltning og fornying. Frå Kulturdirektoratet får Valdresmusea særleg god tilbakemelding for arbeidet med formidling, men også forskings- og forvaltingsinnsatsen har vorte større og meir profesjonalisert dei siste åra.

Bunad og folkedrakt, folkemusikk og folkedans, bygningsvern og støls- og hyttekultur er dei fire kulturhistoriske satsingsområda til museet. I tillegg er mangfald, samfunnsrolle, inkludering, berekraft og immateriell kulturarv perspektiv som KUD ber ein jobbe særskilt med. Med utvida rammetilskott frå 2021 er det skapt store forventningar til at museet skal levere høg kvalitet på desse områda.

Berekraft, mangfald og samfunnsrolle

Dei fire satsingsområda ved Valdresmusea representerer tradisjonelle kulturhistoriske emne som i liten grad er fanga opp av andre museum. Det er i arbeidet med satsingsområda at museet tek eit *nasjonalt og internasjonalt* ansvar.

Dei siste åra har det meldt seg forventningar til at musea skal ta eit større samfunnsansvar. Med dette meiner vi ei kritisk drøfting av dei posisjonane, praksisane og førestillingane som musea og samfunnet styrer etter. Her har Valdresmusea bana veg og bidrege til utvikling av sektoren. Dei siste åra har tema som mangfald og utanforskap, og emne råka av konflikt og usemje prega arbeidet vårt. Utstillinga «Fargerike fellesskap – kvitt raseri» utfordrar førestillingar om nasjonen som ein homogen fellesskap.

Musea er del av demokratiets infrastruktur. Men demokratiet funkantar ikkje om ikkje alle kjenner seg heime i det. Derfor har musea ei viktig oppgåve i å gjere seg til «heimen» for alle, og musea skal ta vare på minne etter alle menneske. Dette er Valdresmusea sitt utgangspunkt i arbeidet mangfald og representasjon. Korleis kan til dømes skeive liv og kvardagar bli del av arbeidet ved Valdresmusea?

Sjølvsbergning og naturforvaltning er stikkord for studie av eldre kultur. Dei siste åra har berekraft segla opp som diskusjonstema i museumssamanhengar og stadig fleire spør korleis musea kan bidra med kunnskap og innsikt i desse spørsmåla. Forvaltinga av naturressursane er ei anna side av den same tematikken. I spørsmålet om forvaltinga av fjellet møter ein gjerne kjente interesse motsettingar. Dette er motsettingar som museet skal engasjere seg i gjennom prosjektet «Eit skigardsdele».

For Valdresmusea er sosial berekraft eit viktig perspektiv i alt vi gjer. Men arbeidet med mangfald og inkludering må handle om meir enn ein dominerande majoritetskultur i møte med undertrykte etniske eller seksuelle minoritetar. Om alle skal med må innsatsen gå etter andre skiljelinjer. For Valdresmusea er målet å drive arbeidet med respekt for einskildmenneske og gode museumstradisjonar. Arbeidet skal vere relevant og tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn.

Immateriell kulturarv

I 2007 ratifiserte Stortinget UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Denne legg føringar for arbeidet med kulturarv og gjennom tildelingsbrevet frå staten har alle museum plikt til å gjennomføre

tiltak på dette området. I Noreg er det Kulturrådet som koordinerer det nasjonale arbeidet.

Valdresmusea arbeider kvar dag for å realisere måla med konvensjonen. Saman med organisasjonar og enkeltpersonar bidreg museet til å sikre livsvilkåra for småe kulturelle yringsformer. Særleg gjeld dette for folkemusikken, folkedansen, folkemusikkinstrumenta, bunaden og tradisjonshandverka


Arbeid med bygningsarv og immateriell kulturarv handlar ikkje berre om å ta vare på kulturminne, men òg om sirkulærøkonomi, gjenbruk av bygningsdelar og å forlenge levetida på bygg. Vidareføring av tradisjonskunnskap kan mellom anna føre til at vi blir betre til å reparere i staden for å kjøpe nytt.

Opgåver i arbeidet med mangfald, inkludering, samfunnsrolle og immateriell kulturarv i 2023:

- Berekraft: Gjere rehabiliteringa av Velkomstbygget til forbildeprosjekt innfor berekraft/ENØK
- Berekraft: Drive samfunnsrolleprogrammet «Eit skigardsdele»
- Mangfald: Drive demokrati- og mangfaldsprosjektet «Ung i debatten»
- Inkludering: Tilsette aspirant med funksjonsnedsetting
- Inkludering: Tilrettelegge amfiet og Slidrehuset for rullestolbrukarar
- Inkludering: Kvalitetssikre heimesidene mht. universell utforming
- Immateriell kulturarv: Gjennomføre kurs i eldre handverksteknikkar
- Immateriell kulturarv: Vidareutvikle formidlingstilbodet i friluftsmuseet
- Immateriell kulturarv: Halde fram produksjonen av langeleikar, hardingfeler og strenger
- Immateriell kulturarv: Skrive nominasjonssøknad til UNESCO for den norske bunadbruken
- Immateriell kulturarv: Gjennomføre Nordisk instrumentseminar
- Immateriell kulturarv: Drive ungdomssatsinga «Kloke hender – Unge talent viser veg»



NORSK INSTITUTT FOR
**BUNAD OG
FOLKEDRAKT**



Norsk institutt for bunad og folkedrakt er akkreditert NGO i UNESCO og har ansvaret med å skrive nominasjonssøknaden for den «allmenne norske bunadbruken», til vernelistene i UNESCO.

Forsking

Omfattar forskingstid til utvalde medarbeidarar og samarbeid med institusjonar om prosjekt.

Forskinga ved museet skal legge grunnlaget for arbeidet med innsamling og dokumentasjon, utstillingar, publikasjonar og rekonstruksjon av bunader og historiske musikkinstrument. Målet med forkinga er å utvikle dei tre definerte satsingsområda gjennom ny kunnskap. Gjennom forking legg ein vinn på å formidle nye perspektiv og komplekse samanhengar. Dette er avgjerande dersom museet skal leve opp til rolla som kritisk og relevant samfunnsaktør.

Valdresmusea har eit lite, men ivrig forskingsmiljø med bakgrunn i faga etnologi, historie, kunsthistorie og musikkvitskap. Museet har ein tilsett med autorisasjon NMF. I 2023 skal to tilsett ta semester-emna «Vitskapeleg publisering for museumstilsette» og «Å forske i og på museum» ved Universitetet i Bergen. Det er eit mål at to nye tilsette får konservatorautorisasjon i løpet av 2023/2024.

Forskinga ved Valdresmusea spring ut av arkiva og samlingane, kompetansen hjå dei tilsette og særleg to av satsingsområda: folkemusikk og folkedans, og bunad og folkedrakt. Ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt held dei fram arbeidet med styrka forskingsressursar frå 2019. I 2023 blir boka «Fyrstedamer i bunad» publisert, som spring ut av den nye basisutstillinga ved museet og som dels er knytt til NBF sitt 75 års-jubileum i 2022. Boka er skriva av dei tilsette ved NBF og byggjar på arkivmateriale frå instituttet og andre samlingar.

Valdresmusea sine utstillingar står òg i berøring med forking. Dette gjeld særleg basisutstillingane der ein har forska på bunadshistorie, folkekunst og understraumar for norsk nasjonalisme i etterkrigsåra.

Minneinnsamling og samtidsdokumentasjon vil stå sentralt i arbeidet med museumsprogrammet «Eit Skigardsdele». Programmet blir gjennomført saman med Lillehammer museum, Randsfjordmuseet og museumsnettverket Samtidsnett. Mangfald og samfunnsrolle står i sentrum for prosjektet «Museene i mangfoldige samfunn», som blir gjennomført saman med Anno Museum og Høgskulen i Innlandet, og som blir ferdigstilt med ein antologi i 2023.

Forskinga ved Valdresmusea i 2023 omfattar:

- Ferdigstille boka «Fyrstedamer i bunad» (Press forlag/NBF)
- Ferdigstille boka «Museene i mangfoldige samfunn»
- Drive samfunnsrolleprogrammet «Eit skigardsdele»
- Delta i etterutdanningsløp ved Universitetet i Bergen
- Utarbeide ein forskingsplan for NBF og VM (i lys av utvida tilskott frå KUD i 2019)
- Delta på kurs i dokumentasjon av munnleg historie (Memoar)

Formidling

Omfattar programmering, utstilling, arrangement, kurs, seminar, omvising, rådgjeving, publisering, skuleformidling, kommunikasjon, merkevarebygging, butikk og sal, digitale og fysiske besøkstal.

Med formidling skal vi nå eit breitt publikum med variert kunnskap og ulike opplevingar, bidra til fysiske og digitale besøk, fremje dialog og kritisk refleksjon, bidra til rekruttering i tradisjonskultur, og skapa ringverknadar for menneske og samfunn – lokalt og nasjonalt.

Valdresmusea er ein viktig møteplass i arbeidet med levande tradisjonskultur, ikkje minst i formidling av folkemusikk, folkedans, bunadbruk, bygningsvern og stølskultur. Sommarsesongen med formidling av tradisjonshandverk, folkemusikk og folkedans gir ringverknadar for rekrutteringsarbeidet og for spreiding av kunnskap og gode opplevingar.

Arbeidet med utstillingar blir av Kulturrådet omtala som modig når det kjem til val av tematikk, og museet viser evne til å formidle kritiske perspektiv og komplekse samanhengar. Arbeidet med utstillingar skjer på lokalt og nasjonalt nivå.

Med foredrag, kurs, seminar og konsertar har museet markert seg lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Aktiviteten er omfattande og rommar eit spekter av uttrykk. Det nasjonale avtrykket ser ein i slikt som fagseminar, handverkskurs, Valdres sommersymfoni, Hemsingfestivalen og Jørn Hilme-stemnet. Sidan 2009 har museet skipa til 120 handverkskurs. Kursa er populære og har samla over 1100 deltakarar.

Målet med museumsformidlinga har lenge vore å «speile folkets liv», slik Moltke Moe uttala seg då han opna Norsk Folkemuseum i 1902. Men ikkje alle kjenner seg heime på musea og mange folks livshistorier har vore krevjande å formidle. Derfor er musea utfordra i spørsmålet om *kven* ein set i sentrum for formidlinga og korleis museumsarbeidet kan nå *fleire*. Dette gjer vi mellom anna gjennom prosjekta «Eit skigardsdele», «Ung i debatten», «Løfte handverket» og det årlege oktoberseminaret som vi arrangerer saman med Randsfjordmuseet.

Prioriterte formidlingstiltak i 2023 er:

- Drive demokrati- og mangfaldsprosjektet «Ung i debatten»
- Arrangere seminaret Valdres i tusen år
- Arrangere Grubleseminar for forskarar, handverkarar og lokalhistorikarar
- Arrangere konferanse i prosjektet «Eit skigardsdele»
- Arrangere Nordisk instrumentseminar
- Arrangere konferanse for Kulturlandskapsnettverket
- Arrangere foredragsrekke
- Arrangere handverkskurs
- Drive kuratert digital formidling
- Vidareutvikle handverksformidlinga

Forvalting

Omfattar dokumentasjon, innsamling, registrering, digitalisering, sikring, bygningsvern og restaurering, vedlikehald, skjøtsel og drift.

Samling og arkiv

Valdresmusea forvaltar store samlingar. Desse representerer ein tradisjonell bygdekultur og er skapte med utgangspunkt i ein eldre innsamlingspolitikk. Samlingane er flotte i seg sjølv, men manglar gjerne breidde og samfunnsmessige representasjon. Arkiva romar større sosial og kulturell variasjon, og utgjer ein meir heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Samlingar og arkiv høyrer til samfunnets viktigaste kulturelle kapital, og representerer minnet til felleskapen. Valdresmusea skal sikre ei berekraftig forvalting av arkiva og samlingane, medan innsamlingspolitikken skal sikre samfunnsmessig representasjon og styrking av satsingsområda. Forvaltinga skal bidra til vidareføring av kulturarv og tradisjonskunnskap, gjennom sikring, digitalisering og vedlikehald.

Valdresmusea forvaltar den største samlinga kulturhistorisk materiale i Valdres; 29 000 gjenstandar, 107 historiske bygningar og 26 andre kulturminne, 700 papirarkiv, 16 000 lydfiler, 100 000 nasjonale draktregistreringar, 100 000 historiske foto og 300 000 nyare dokumentasjonsfoto. Det er god framdrift i arbeidet med å registrere og digitalisere samlingane og arkiva, særleg fotoarkivet har vorte tilgjengeleg for publikum dei siste åra.

I 2021 starta Valdresmusea eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av historisk lyd- og filmmateriale. Dette arbeidet held fram i 2023. Prioriterte samlingstiltak i 2023 er:

- Inntak, ordning, registrering og avhending av foto, arkiv og gjenstandar. Sjå måltal i tiltaksliste
- Berekraftig gjenstandsregistrering ved alle avdelingar
- Samarbeide med Nasjonalbiblioteket om digitalisering og deponering av lyd og foto

Bygningsvern

Valdresmusea har lenge hatt behov for dedikerte handverkarar. I 2023 blir det tilsett ein handverkar i 100 % stilling på museet på Fagernes, og ein handverkar i 40 % stilling på museet i Hedalen. Med særskilte prosjekttilskott vil ein òg halde fram med å kjøpe tenester på dette området.

Det vart i 2020 laga ein heilskapleg vedlikehaldsplan for dei antikvariske husa. Denne blir lagt til grunn for det framtidige, antikvariske arbeidet. Arbeidet vart utført av Dag Lindbråten, og planen følgjer NS 16096:2012 (bevaring av kulturminne). Denne gir god innsikt i tilstandsgrad, tiltak og kostnader. På Bagn er dei fleste av bygningane i god stand. På Valdres Folkemuseum og Bautahaugen er fleire av husa sett opp utan at gamle skader vart reparert.

I 2021 fekk Valdresmusea 1 million kroner i eingongsstøtte til restaureringstiltak på stølsområdet på Valdres Folkemuseum. Tiltaket tok til hausten 2022 og skal vere ferdig våren 2023. Andre viktige tiltak på friluftsmuseet er gjerding og skjøtsel av kulturlandskapet.

Prioriterte tiltak i 2023:

- Restaurering av stove på Frigstadplassen (VFM)
- Restaurering av Øydgardsselet (VFM)
- Restaurering av Bergeloftet (VFM)
- Restaurering av Stabellbygningen (BB)
- Sikring av Handeloftet (VFM)

For Bautahaugen er det ikkje ført opp spesifikke tiltak utover skjøtsel og generelt vedlikehald. Ny medarbeidar kjem på plass i 2023 og ein vil drøfte prioriterte tiltak med vedkommande etter oppstart. For Bautahaugen er det gode tilstandsrapportar for alle dei 15 bygningane, og det er god dialog med eigarane om forventningar til framdrift.

Kursarena, amfi og Velkomstbygg

Sparebankstiftelsen DNB gav i 2021 eit tilskott på 1,5 millionar kroner til istandsetjing av kursarenaer på Valdres Folkemuseum, og i (2019) 450 000 til tiltak i museumsamfiet på Valdres Folkemuseum. Ein vil ferdigstille prosjektet med følgjande tiltak i 2023:

- Ferdigstille tilkomst for rullestolbrukarar i amfiet og på Slidrehuset
- Etablere ny beslyning i festsalen i Velkomstbygget og nye lagringsskåp for kurs på Slidrehuset
- Rydde og tilrettelegge for kurs i Jonsheggebygningen, samt innkjøp av kursverktøy
- Vurdere forlenging av garasjeanlegg

Ein har i lang tid kartlagt tilstanden for Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum. I 2022 gjorde styret vedtak om å søkje statlege investeringsmidlar for ENØK-tiltak på dette bygget, og 21. desember fekk museet 2,2 mill. kroner i støtte gjennom ordninga. Søknad er også sendt Innlandet fylkeskommune, og ein har god dialog med kommunane om ei medfinansiering. Dersom ein får i hamn finansieringa våren 2023, ser ein for seg oppstart tidlegast til hausten.

Sikring

Arbeid med sikring handlar om å redusere risiko for skade for besøkande og tilsette, og å hindre skade på anlegg og kulturhistoriske verdier. Ei sikringsgruppe gjennomfører årleg risikokartlegging.

Prioriterte tiltak i 2023:

- Utarbeide ROS-analyse for Bautahaugen Samlinger
- Gjennomføre tiltak i amfiet og på Slidrehuset (i samarbeid med Rådet for brukarmedverking)
- Gjennomføre tiltak som styrker klimaforholda i langeleikutstillinga i Velkomstbygget
- Etablere nytt aggregat og avsug på Folkemusikkhuset
- Etablere nøkkelsystem på Folkemusikkhuset
- Etablere tilbakeslagsventil for sluk
- Invitere til fagdag om varmekamera på Valdres Folkemuseum
- Gjennomføre sikringstiltak på låvebruer (gelender) eks. Kvietunet

Fornyning

Omfattar utvikling og fornying av system, infrastruktur, samarbeid og rutinar.

Gjennom museumsnettverka og i samarbeid med andre aktørar skal Valdresmusea bidra til utvikling av sektoren. Valdresmusea, Innlandsarkivet og andre har i fleire år vore i dialog med Nasjonalbiblioteket og Kulturdepartementet om framtida for ein ny, digital infrastruktur for musikkarkiva. Vi reknar med å halde fram med denne dialogen også i 2023. Det same gjeld KulturIT som i 2023 omorganiserer seg og slik gjer det mogleg for fleire av kundane, inkl. Valdresmusea, å spele inn behov og ynskje om endring.

Evna til fagleg utvikling er styrd av dei til ein kvar tid tilgjengelege økonomiske ressursane. Det har lenge vore eit signal frå myndigheitene at dei offentlege tilskotta ikkje vil auke, og at musea derfor må styrke dei eigenskapte inntektene. Valdresmusea har i 2022 drive eit nettverk for kulturbedrifter med støtte frå omstillingsprogrammet i Nord-Aurdal kommune.

Målet med nettverket har vore å styrke samarbeidet og samhandlinga bedriftene imellom, og vonleg vil ein på sikt sjå auka besøk og inntekter som eit resultat av denne innsatsen. I 2023 sender vi søknad til Innovasjon Noreg om treårig støtte til tiltak innfor dette nettverket.

Det har elles vore etterlyst frå Kulturdirektoratet ein plan for rekruttering og utvikling av kompetanse. Korleis skal ein sikre sårbar og sjeldan kompetanse når medarbeidarar sluttar? Korleis kan museet bidra til utdanning og kompetanse på område der det i dag korkje finst studieløp eller anna skule?

Prioriterte oppgåver i 2023 er:

- Vidareutvikle det nye bedriftsnettverket
- Utarbeide ein kompetansehevingsplan for alle område
- Halde fram dialogen med Nasjonalbiblioteket og KUD om ny digital infrastruktur for lydarkiva
- Bidra til god overgang frå Opplandarkivet til Innlandsarkiva
- Implementere eit nytt arkiv- og journalføringssystem for Valdresmusea og NBF
- Kvalitetssikre heimesidene mht. universell utforming

Tiltaksplan 2023

Drift og administrasjon

- Utarbeide budsjett, tiltaksplan og strategiplan for Valdresmusea
- Utarbeide investeringsplan for Valdres Folkemuseum
- Utarbeide årsrapport og budsjettsøknad til Kulturdepartementet
- Følgje opp lokale, regionale og statlege styresmakter
- Følgje opp prosjekt, samarbeidspartar og støttespelarar
- Følgje opp rekneskap-, løns- og personalarbeid
- Følgje opp daglege driftsoppgåver som reinhald og vaktmesteroppgåver
- Gjennomføre personalmøte, personalsamtaler og ferdigstille stillingsinstruksar for alle tilsette
- Utarbeide kompetansehevingsplan for tilsette
- Følgje opp datainvesteringar og vedlikehald av system- og programvare
- Følgje opp behovet for elektronisk post- og journalsystem
- Følgje opp behovet for miljøsertifisering
- Følgje opp rehabiliteringa av Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum
- Følgje opp rehabiliteringa av amfiet og verkstadane på Valdres Folkemuseum

Universell utforming

- Kvalitetssikre heimesidene mht. universell utforming
- Utarbeide tilgjengelegheitserklæring for heimesidene (jf. Forskrift om UU av IKT-løysingar)
- Bruke lydutstyr og teleslynge under foredrag og seminar der dette er mogleg
- Gjennomføre tiltak i amfiet og på Slidrehuset (i samarbeid med Rådet for brukarmedverking)

Kulturhistorisk arbeid

- Utarbeide prosjektsøknadar
- Starte arbeidet med formidlingsplan
- Følgje opp utviklingsoppgåver på arkivområdet (Innlandsarkiva og Nasjonalbiblioteket)
- Følgje opp Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil (NBF) og deltakinga i dei øvrige nettverka
- Følgje opp dei regionale museumsnettverka Museumsforum Innlandet
- Følgje opp samarbeidsavtala med Randsfjordmuseet
- Følgje opp høyringssvar og fagpolitisk arbeid
- Følgje opp samarbeidet med festivalar, vennelag og andre samarbeidspartnarar
- Skrive nominasjonssøknad «Bunadbruken i Noreg» til UNESCOs liste over immateriell kulturarv

Forsking

- Ferdigstille boka «Fyrstedamer i bunadshistoria» (Press forlag/NBF)
- Ferdigstille boka «Museene i mangfoldige samfunn» (Oplandske Bokforlag)
- Drive samfunnsrolleprogrammet «Eit skigardsdele»
- Skrive artikkel om haldningar til nøysemd og ressursforvalting i utmarka
- Utarbeide ein forskingsplan for NBF og VM (i lys av utvida tilskott frå KUD)
- Delta i studieløp ved Universitetet i Bergen

- Delta på kurs i dokumentasjon av munnleg historie (Memoar)
- Gjennomføre fire feltarbeid (NBF)

Utstilling

- Vidareutvikle eksisterande utstillingar (VFM)
- Produsere ny fotoutstilling utanfor Velkomstbygget (VFM)
- Produsere utstillingar i tilknytning til koe og løe (BS)
- Produsere skilt om fornminne (VFM) – i samarbeid med IFK
- Vise vandreutstillinga Skakke folkedrakter (VFM)
- Vise fotoutstillinga til fotografen Luca Berti (VFM)
- Vise matutstillinga til Norsk smaksskule (VFM)
- Sette opp ny natursti (samarbeid med skogselskapet) (VFM)

Digital formidling

- Produsere 2–3 nettutstillingar frå fotoarkivet og gjenstandssamlinga (VFM)
- Filme og publisere minst 2 foredrag og dei fleste seminara
- Filme og publisere minst 2 dokumentasjonsfilmar om handverk og tradisjon
- Produsere innhald til heimeside, DigitaltMuseum, Facebook, Instagram og YouTube
- Publisere informasjon og bilete om instrumentproduksjonar

Arrangement og museumsaktivitetar

- Arrangere konsertar, foredrag, temakvelder og aktivitetar
- Gjennomføre og vidareutvikle formidlingstilbodet i friluftsmuseet
- Vidareutvikle Kvie som formidlingsarena for tradisjonskultur
- Lege til rette for museet som møtestad for folkemusikarar og dansarar (VFM)
- Utvikle handverksformidlinga og museet som møtestad for unge handverkarar (VFM)
- Vere medarrangør av Jørn Hilme-stemnet, Valdres sommersymfoni og Landbruksdagen

Kurs og opplæring

- Gjennomføre handverkskurs
- Ta imot hospitanter i instrumentverkstaden
- Utvikle kurssatsing for unge
- Drive demokratilæreprogrammet Ung i debatten saman med Valdres VGS
- Gjennomføre ulike tilbod i Den kulturelle skulesekken
- Gjennomføre skuletilbod saman med Norsk ski- og skimakerforening
- Gjennomføre skuletilbod saman med Norsk smaksskule
- Gjennomføre skuletilbod saman med Norsk utvandrer museum
- Gjennomføre to samlingar i kursrekka Bunadopplæringa (NBF)

Intern fagleg kompetanseheving

- Vidareutvikle og gjennomføre opplæringskurs for sommartilsette
- Etablere ein digital opplæringskanal for formidling og arbeidsrutinar på lukka område på nettsida
- Delta på relevante fagsamlingar
- Arrangere felles tur til Salhus for å styrke kulturhistorisk kompetanse på tekstilkonservering

Seminar og fagdagar

- Gjennomføre seminaret «Valdres i tusen år» – som del av Nasjonaljubileet 2030
- Gjennomføre Grubleseminar – som del av Nasjonaljubileet 2030
- Gjennomføre konferanse og debatt i prosjektet «Eit skigardsdele»
- Gjennomføre seminar om klimapåverknad på antikvariske bygg
- Gjennomføre seminar om terrengtilpassing
- Gjennomføre Nordisk instrumentseminar (i samarbeid med Jørn Hilme-stemnet)
- Gjennomføre Fagdagar i bunad og folkedrakt (NBF)

Informasjon, marknadsføring og sal

- Styre mot meir digital informasjon og plansjar publikum kan ta bilete av – og mindre bruk av papir
- Produsere flygeblad med kart (i staden for ny førar) til besøkande (VFM)
- Produsere nytt kart over friluftsmuseet (VFM)
- Produsere reklamefoldarar om musea (VFM, BB, BS)
- Produsere pressemeldingar og annonser, jf. eigen plan
- Produsere diverse infoskilt (VFM)
- Drive sals- og marknadsfremjande tiltak overfor kundar og turoperatørar
- Vidareutvikle og drifte nytt system for booking og nettbutikk
- Utvikle system for sal av strengar til folkemusikkinstrument

Publikasjon

- Produsere katalog til utstillingane «Rotasjon»
- Produsere minneskriv om Torleiv Bolstad

Gjenstandssamlinga

- Registrere totalt 200 gjenstandar i Primus og publisere 200 registreringar på digitaltmuseum.no
- Sette i gang langsiktig registrering av gjenstandar på Bautahaugen samlinger.
- Sette i gang langsiktig registrering av gjenstandar på Bagn Bygdesamling.
- Oppretthalde eit langsiktig registreringsarbeid i samarbeid med frivillige på Valdres Folkemuseum
- Registrere og ordne alle gjenstandane i minst eitt rom ute i friluftsmuseet (VFM)
- Overhalde inntaket av gjenstandar til maks 20 enkeltobjekt (gjenstandar)
- Registrere og ordne alle gjenstandane i minst eitt rom ute i friluftsmuseet (VFM)
- Arbeide med sikring av gjenstandar i utstillingar (VFM, BB, BS)

Foto

- Forberede innsending av fotosamlingar til Nasjonalbiblioteket (Neste-samlinga)
- Registrere og publisere 2000 foto (Hedalsbilete, Nord-Aurdals-bilete og «diverse-samlinga»)
- Organisere frivilliginnsatsen
- Undersøke om det er mogleg å konvertere Etnedalssamlinga til Primus
- Gjennomføre innsamlingskveld for Hedalsbilete og for Leira- og Fagernes-bilete
- Delta på samlingar i Fotonettverket og Innlandsarkivet
- Vurdere å innføre fotoregistreringssystemet DAMS

Privatarkiv

- Fortløpande ta imot og forsvarleg bevare, ordne og registrere innkomne arkiv

- Halde auga opne for arkivmateriale etter lite dokumenterte grupper
- Prioritere registrering av arkiv innkomme på Bagn Bygdesamling
- Publisere 50 arkiv på arkivportalen.no (arkivnivå)
- Delta på samlingar ved Innlandsarkiva

Dokumentasjonsarbeid/feltarbeid

- Drive museumsprogrammet «Eit skigardsdele»
- Dokumentere eit utval av dagens yngre og eldre utøvarar i folkemusikkmiljøet
- Dokumentere instrumentmakarar i samarbeid med ekstern filmfotograf
- Foreta fire lengre feltarbeid ulike stader i landet (NBF)

Lydarkiv

- Samarbeide med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av lyd
- Lage langsiktig plan for dokumentasjon av Lokalkappleiken og Jørn Hilme-stemnet
- Dokumentere Valdreskappleiken og Jørn Hilme-stemnet
- Dokumentere eit utval av dagens yngre og eldre utøvarar i folkemusikkmiljøet
- Ordne og registrere nye opptak
- Eksportere og lagre data i KulturNav frå Fiol i samarbeid med Innlandsarkiva og KulturIT
- Legge til rette for elevar, lærarar og studentar som spelar og studerer folkemusikk
- Følgje opp lokal tilskottsordning for folkemusikk- og folkedansproduksjonar
- Ferdigstille eit digitalt register for Langeleikboka som kom ut i 2021

Bibliotek

- Rydde i boksamlinga for å frigjere plass (VFM)

Instrumentverkstaden

- Produsere 2 hardingfeler og 1 langeleik
- Utføre 100 reparasjonar og vedlikehalde Dextra Musica-oppdrag
- Produsere 3000 strengar til folkemusikkinstrument

Sikring

- Utarbeide ROS-analyse for Bautahaugen Samlinger
- Gjennomføre tiltak som styrker klimaforholda i langeleikutstillinga i Velkomstbygget
- Etablere nytt aggregat og avsug på Folkemusikkhuset
- Etablere nøkkelkortsystem på Folkemusikkhuset
- Etablere tilbakeslagsventil for sluk
- Invitere til fagdag om varmekamera på Valdres Folkemuseum
- Gjennomføre sikringstiltak på låvebruer (gelender) eks. Kvietunet

Antikvarisk arbeid

Rådgjeving og rekruttering til handverket

- Synfaring og tilstandsvurdering for private huseigarar, jamfør avtale med IFK
- Arrangere ti kurs i eldre handverksteknikkar
- Følgje opp Fagskolen Innlandet og studentar innfor bygningsvern (NTNU)

- Delta i det regionale bygningsvernnettverket
- Delta i museumsnettverk for bygningsvern/tradisjonshandverk og kulturlandskap

Restaureringstiltak

- Dokumentere alle tiltak i FDV-modul i Primus og NS 16096:2012
- Valdres Folkemuseum Restaurere stova på Fristadplassen
- Valdres Folkemuseum Ferdigstille Øydgardsselet
- Valdres Folkemuseum Sette i stand området rundt stasjonsbygningen
- Valdres Folkemuseum Skifte svill i stallen frå Fristadplassen
- Valdres Folkemuseum Sikre Handeloftet
- Valdres Folkemuseum Ferdigstille Peisestuen
- Valdres Folkemuseum Forsterke golv i Rognebygningen
- Valdres Folkemuseum Legga om taket på Berge-loftet, delvis som kurs
- Bautahaugen Samlinger Fortløpande vedlikehalde jamfør prioritert liste
- Bagn Bygdesamling Fortløpande vedlikehalde jamfør prioritert liste
- Bagn Bygdesamling Legge teglsteinstak på Stabellbygningen (ved eksternt tilskott)
- Gardbergfeltet Synfaring og vedlikehald av vernebygget i Gardbergfeltet

Vegetasjonspleie

- Hogge rundt kvernhusa, Fristadplassen og stølsområdet (VFM)
- Ferdigstille urtehagen på Kvie i samarbeid med Valdres hagelag (VFM)
- Halde fram ljaslått og gjerding (VFM)
- Halde uteområda i hevd (alle)

Uttrekk tiltak Bagn Bygdesamling

- Formidling: Halde sommarope fem dagar i veka i seks veker
- Formidling: Rekruttere og lære opp gode sommarformidlarar
- Formidling: Arrangere foredrag og/eller konsert i samarbeid med stiftinga
- Formidling: Marknadsføre sommarsesong og arrangement gjennom avisannonse og Facebook
- Formidling: Gjennomføre omvisingar på førespurnad
- Formidling: Gjennomføre minst to omvisingar på Bagnsbergatn
- Formidling: Støtte opp om stiftinga sine arrangement
- Samlingsforvalting: Sikre og registrere tekstilar i samlinga
- Samlingsforvalting: Registrere arkiv (med støtte frå ny arkivmedarbeidar)
- Restaureringstiltak: Legge teglsteinstak på Stabelbygningen
- Restaureringstiltak: Fortløpande vedlikehalde jamfør prioritert liste

Uttrekk tiltak Bautahaugen Samlinger

- Formidling: Halde sommarope fem dagar i veka i fem veker
- Formidling: Rekruttere og lære opp gode sommarformidlarar
- Formidling: Marknadsføre sommarsesongen gjennom avisannonse og Facebook
- Formidling: Arrangere fotoinnsamlingskveld
- Formidling: Lage infoskilt på dei tre nye husa (i samarbeid med stiftinga)

- Formidling: Bidra til innreiing i tre nye hus (i samarbeid med stiftinga)
- Formidling: Støtte opp om Bautahaugens venner sin innsats

- Samlingsforvaltning: Sette i gang langsiktig registrering av gjenstandar
- Samlingsforvaltning: Arbeide med sikring av gjenstandar i utstillingar
- Samlingsforvaltning: Registrere og publisere Hedalsbilete i DigitaltMuseum
- Samlingsforvaltning: Registrere og publisere info om husa på Primus/DigitaltMuseum

- Restaureringstiltak: Tilsette ny handverkar i 40 % stilling
- Restaureringstiltak: Fortløpande vedlikehalde jamfør prioritert liste